

SAKSPROTOKOLL

HANDSAMING I TENESTEUTVALET 11.09.2018:

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ TENESTEUTVALET 11.09.2018:

Tysnes kommunestyre er orientert om samarbeid mellom Austevoll, Os, Samnanger, Fusa og Vaksdal kommune som gjeld rutinar for tilsyn med barnehagar i regionen. Den einsskilde kommune har ansvar for å sikre barnehagetilbod av høg kvalitet og bidra til å sikre barn likeverdige og gode oppvekstvilkår. Representantar frå kommunane deltek på tvers av kommunegrensene ved gjennomføring av tilsyn med barnehagar. Dette sikrar kompetanse og personellressursar ved tilsyn. Det er den einsskilde kommune som aleine treff vedtak i tilsynssakene.

Rutinar for tilsyn med barnehagar er laga i fellesskap av barnehagemynde i dei 6 kommunane. Samarbeidskommunane vil også sørgja for nødvendige endringar i rutineane i tråd med ei kvar tid gjeldande regelverk. Samarbeidet er ikkje eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. Samarbeidskommunane vil vurderer å ta initiativ til ei formalisering av samarbeidet i tråd med den nye kommunelova kap 19 når den trer i kraft – Kommunalt oppgavefellesskap.